

Svært vellukka med festivalkontor i Gamleskulen.

12.08.2016



Mange besøkte festivalkontoret.


For første gang hadde Festidalen festivalkontor i Gamleskulen dette året. Dette var svært vellukka, og det var eit godt tilbud til festivalpublikummet. Kontoret var opne onsdag - laurdag. Det var stor tilstrøyming til kontoret, særleg fredag og laurdag var det mykje folk. Marta K. Nerhus, Karoline Neset, Vilde Grøtte og Tone H. Moen styrte kontoret.

I tillegg til å kjøpa Festidalen-effektar som t-skjorte, støvlar, hettejakke og mykje anna, var det svært mange som var innom og ordna med verjeskjema og innveksling av billettar i inngangsarmband. Dette var svært viktig. At dette vart ordna på førehand, reduserte køane ved inngangen til Dønhaug kraftig. Underteikna stod i 'Verjeskemabua' fredag kveld, og tett på 100% hadde ordna det på førehand. Det var svært merkbar forskjel frå i fjor, og det gleid kjapt unna.

I tillegg hadde festivalkontoret, sentralt som det låg, ein viktig funksjon som ein møteplass der festivalgjestene kunne stikka innom med spørsmål, - eller treffa andre og ta ein preik over ein kopp kaffi. Dei frivillige serverte nemleg kaffi og vafler gratis til dei gjestene som ønskte det.

Med god plass var det også lager for dei ulike Festidalen-effektane som var i salg.

Dommen er heilt klar. Dette var svært velluka!



Dei fleste fulgte oppfordringa om å ordna med verjeskjema på førehand.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland